

MØTEBOK Styremøte 02- 24

Tidspunkt: 01.02.2024 kl 18:00

Stad: Rauland kraftforsyningslag

Desse møtte:

Tor Aage Dale, Ane Killingtveit, Halvor Fehn, Madeleine Hestdalen, Marius Aksvik

Meldt forfall:

Andre til stades på møtet: Rune Aarhus (sekretær)

Saker til møtet:

Sak 05/24: Godkjenning av innkalling og saksliste

Sak 06/24: Referatsaker

Sak 07/24: Godkjenning av årsrekneskap og årsmelding 2023

Sak 08/23: Budsjett for 2023

Sak 09/24: Vedtak av konsekvensanalyse og tiltak, samt vilkår for dei som utfører dugnad med skuter

Sak 10/23: Trekking av dugnad med skutertur

Sak 11/24: Eventuelt

Me stadfester med våre underskrifter at møteboka er i samsvar med det som kom fram på møtet

Halvor Fehn/s/

Tor Aage Dale /s/

Ane Killingtveit/s/

Madeleine Hestdalen /s/

Marius Aksvik/s/

Sak 05/24: Godkjenning av innkalling og saksliste

Godkjent utan merknader.

Sak 06/24: Referatsaker

Godkjent utan merknader.

Sak 07/ 24: Godkjenning av årsrekneskap og årsmelding 2023

Framlegg til vedtak:

Årsmelding og rekneskap vert godkjent slik det ligg føre.

Referat:

Vedtak:

Årsmelding og rekneskap vert godkjent slik det ligg føre.

Sak 08/ 24: Hyttestaus. Dugnad og gjeremål hytter vinter 24

Framlegg til vedtak:

Rauland Fjellstyre vedtek fylgjande budsjett for 2024.

Referat:

Budsjettet vart lagt i fellesskap av fjellstyret. Det vart lagt opp til budsjett som for 2024 gjeng i minus grunna truleg låg fellingskvote på villrein som gjev utslag i låge inntekter, samt fortsatt «vinterstengte hytter». Styret meiner dette kan gjerast i tråd med overskotet frå 2023. Det kjem også ekstrakostnader i samband med oppstart og kursing av nye fjellstyremedlemmar samt ved til hyttene som ikkje vart fakturert i 2023, men kjem på ekstra i 2024.

	Budsjett 24	Resultat 23
Driftsinntekter		
Fellingsløyve rein	94000	94300
Sal av fiskekort	15000	12600
Småviltjakt	60000	78370
Hytteleige	60000	60060
Gåver/tilskot		30000
Sum driftsinntekter	229000	275330
Driftskostnader		
Godtgjering styret	15000	4200
arbeidsgjevaravgift styret		
ved/propan/bensin	24000	1935
reinhold		800
kontorutstyr	1000	
utstyr (dir utg ført)	8000	11569
kostnadsført datautstyr/ leige datasystemer	1500	12977
arbeidsklede, oppgåvepl		
vedlikehald hytte	15000	5800
vedlikehald utstyr		
fellingsavgift (inkl innkjøp kort)	2200	2040
rekneskap og revisjon	17000	26796
tenestekjøp u/refusjon, Fhas	5500	5145
tenestekjøp m/refusjon, Fhas	85000	84822
Samarbeid fjellstyra (inkl villutvalet)	12000	9855
kontorrekvisita	1000	2125
kopiering		
avsiser, tidsskrift, bøkar og lignende	5000	4990
møte, kurs og lignende	8000	4563
kontorleige sekretær	5000	
porto	500	
Bilgodtgjering, oppgavepliktig, styret	10000	1722
Reiser/hotell, ikkje oppg.pl. Styret	15000	
Provisjon gebyr Vipps	1500	1135
provisjonskost Inatur	16000	15971
marknadsføring, INATUR		
reklameannonser	2500	2408
kontingent, NFS	16500	16271
gåver, ikkje frådragsber.		
bank og kortgebyr	100	30
div kostnader	2000	510
utgifter møter og kurs		
Avskrivningar bygg	14000	14128
sum driftskostnader	283300	229792
driftsresultat	-54300	45538
renteinntekter	600	763
rentekostnader		
årsresultat	-53700	46301

Vedtak:

Rauland Fjellstyre vedtek fylgjande budsjett for 2024.

Sak 09/24: Vedtak av konsekvensanalyse og tiltak, samt vilkår for dei som utfører dugnad med skuter

Framlegg til vedtak:

Rauland Fjellstyre vedtek 1) risikoanalyse med tiltak og 2) eigenerklæring/ vilkår som dei ligg føre i saka.

Referat:

Det vart drøfta å ta inn punkt om lokalkjennskap. Fjellstyret ynskjer å ta inn i punkt 2 i eigenerklæring eit tillegg om «kjennskap til det aktuelle område». Samt punkt under: «ha kjennskap til islagte *lokale* vatn og vassdrag»

Vedtak:

Rauland Fjellstyre vedtek 1) risikoanalyse med tiltak og 2) eigenerklæring/ vilkår som dei ligg føre i saka. Det vert tillagt ved pkt 2 i eigenerklæring: *kjennskap til det aktuelle område*. Det vert tillagt i pkt 3 «*kjennskap til lokale*» ved vatn og vassdrag.

Sak 10/23: Trekking av dugnad med skutertur

Framlegg til vedtak:

Fylgjande personar får tilbod om dugnad med skuter inn til hyttene for 2024:

Referat:

Det vart utført gjennomgang av tal på turar til søkjarar for inntil 10 år tilbake etter liste frå Halvor. Søkjarar vart då rangert, der dei med minst turar fekk stå fyrst i køen. Deretter vart det trekt vara for turar etter same prinsipp. Alle styremedlemmar får også tilbod om skutertur.

Fylgjande får tilbod om dugnadstur til hyttene på gjevne vilkår då alle i styret ikkje har anledning til å ta dugnad i år:

Morten Vaa	Arild Øygarden
Jostein Svalastoga	Håvard Holte
Lars Erik Berntsen	Stian Breivik
Jan Rune Lid	Lars Skolås Rorgemoen
Jon Hovda	Espen Bitubekk
Per Åsmund Omholt	

Fylgjande står på varaliste:

- Åge Bitubekk
- Gunnar Arne Slåtta
- Halvor Loftsgarden

Dersom ikkje all dugnad vert utført av desse og ikkje alle søkjarar har anledning vert varamedlemmar til Rauland Fjellstyre spurd om å ta dugnadsoppgåver.

Vedtak:

Lista over syner søkjarar som får tilbod om tur. Søkjarar må forplikte seg til å godta eigenerlæring og lese risikoanalyse. Dei må takke ja til tur innan gjeven frist ved tilbodet og gjennomføre tur til avtalt tid. Dersom ikkje får personar på varaliste tilbod og deretter varamedlemmar til fjellstyret.

Sak 11/24: Eventuelt

Framlegg til vedtak:

Referat:

Fjellstyret drøftar «stenging» av hytter. Det blir fortsatt drøfta den tvilsamme effekten av å stenge hyttene i eit område søraust på vidda i ein periode som det er ynskjeleg at reinsdyra står vestpå. Rauland Fjellstyre vel likevel å skrive at hyttene er stengt for bruk i vinter grunna signaleffekten om at me også bidreg der alle må bidra litt. Hyttene vil ikkje vere låst slik at dei evt kan fungere som nødbu.

Det har kome oppklaring rundt styreansvarforsikring og NFS vil likevel fortsatt dekke denne slik at dette ligg då inne i kontigenten Rauland Fjellstyre årleg betaler til NFS.

Kvota for 2024 vart drøfta og den ser ut til å bli svært lik som 2023 med bukkeuttak. Det forventast låge inntekter også i 2024. Det vert nytt møte for å drøfte dette og gjere jaktvedtak etter at kvota er satt.

Vedtak:

Sakene er tatt til orientering og drøfting. Rauland Fjellstyre oppmodar om å ikkje nytte hyttene vinteren 2024 grunna kondisjonen til villreinen på Hardangervidda og dermed unngå unødig ferdsel.